



VILDANDEN

Det Norske Teatret

Christiania Theater.

Forestillingen begynder Kl. 7.

Søndag den 11te Januar 1885, Kl. 7—10½

opføres:

(For 1ste Gang)

Bildanden,

Skuespil i 5 Akter af Henrik Ibsen.
(Sceninstruktør: Hr. Bjørn Bjørnson.)

Personerne:

Grosferer Werle, Værkseier	Hr. Gundersen.
Gregers Werle, hans Søn	= Hammer.
Gamle Ebdal	= Brun.
Hjalmar Ebdal, den Gamles Søn, Fotograf	= Reimers.
Sina Ebdal, Hjalmars Hustru	Fru Wolf.
Hedvig, deres Datter, 14 Aar	Frl. Krohn.
Fru Sørby, Grosfererens Husbestyrerinde	Fru Selmer.
Kelling, Løge	Hr. Frachsen.
Molvig, forhenværende Theolog	= Selmer.
Bogholder Graaberg	= Rasmussen.
Petterfen, Grosfererens Tjener	= Bucher.
Leitjener Jensen	= Jean Berg.
En blegfjed Herre	= Klåusen.
En tyndhaaret Herre	= H. Bruun.
En nærsynet Herre	= Abelsfjed.
Sex andre Herrere, Middagsgjæster hos Grosfereren.	
Første Akt foregaar hos Grosferer Werle, de fire følgende Akter hos Fotograf Ebdal.	

- Orchestret udfører: 1. Ouverture til „Turendot“ af V. Lachner.
2. Ouverture af Henri Marschner.
3. Volkslied (Es ist bestimmt) Mendelsohn Bartholdy.
4. Am Meer af Fr. Schubert.
5. Lied ohne Worte af Mendelsohn Bartholdy.

Engmeldt: Fru Hansson.

NB. Til denne Forestilling gjælder ingen Tribilletter.

Forestillingen begynder Kl. 7.

Billetpriserne ere:

Parquet	Ar. 2,50
2del Parquet	= 2,00
1ste Logerad:	
No. 1, 8, Sitr. A. og H.	2,50
No. 2 til 7 og Sitr. B. til G.	2,00
2den Logerad:	
No. 1, 2, 9, Sitr. A. B. og I.	1,50
No. 3 til 8 og Sitr. C. til H.	1,25
3die Logerad:	
No. 1, 2 og Sitr. A	0,80
No. 3, 4, Sitr. B. og C.	0,50
No. 5, 6, Sitr. D. og E.	0,40
Parterre	1,50

Billetter erholdes:

Om Overdagene	
Til Overpris: I Theatrets Billetkontor: Fra Kl. 9—10 Formiddag og Kl. 12—13 Aften. Billet til 1ste Parquet og 1ste Logerad: ar. 0,10 til 2del Parquet, Parterre og 2den Logerad og ar. 0,20 til 3die Logerad.	I Det Offens Kunsthandel: Aftersanden No. 28, anden Etage og Jant. Johs. (9b.)
Til de ordinære Priser:	I Theatrets Billetkontor fra Kl. 11 Form. til Kl. 3 Efterm.
	I Theatrets Billetkontor fra Kl. 5 Efterm.
Om Sønd- og Hverdagene:	
I Theatrets Billetkontor: Til Overpris fra Kl. 8—10 Formiddag og til de ordinære Priser fra Kl. 12—3 Efterm. og fra Kl. 5 Eftermiddag.	

Til enhver Forestilling kan desuden Billetter til dobbelte Priser faaes for Forestillingsdagen
Det Offens Kunsthandel. Til Forestilling Dagen eller Sønd- og Helligdage Hverdagene forud.

Billetterne gjælde kun til den Forestilling, hvortil de ere kjøbt. Indgangen aabnes Kl. 6½.

NB. Theatrets Billetkontor er forbundet med Bell Telephon Sønd- og Centralstation.

Eftertryk forbydes.


b15g 148600



«VILDANDEN»

av Henrik Ibsen

Omsetjing og regi: Tormod Skagestad
Regiassistent: Rolf Sand
Dekor og kostyme: Arne Walentin
Inspisient: Leiv Nybø



Forvirring og vonbrot var både kritikkens og publikums reaksjon på «Vildanden», da skodespelet kom ut hausten 1884. Dette var ikkje den lbsen folk var blitt van med, profeten og samfunnsrefsaren som i verk etter verk hadde slått laus på menneskeleg svikt og kompromissånd, med hamrande verseliner og dødsens alvor i Brand, med hånlatter og blodig satire i Peer Gynt. Brand mot Peer Gynt,

idealisten mot livsløgnaren,

— det syntest som om lbsen sjølv ville vera ein Brand, at han kjende det som sitt eige livskall å føre menneska ut frå det kvalme livet i dalane, til eit liv på viddene, i rein luft og med vide utsyn.

Derfor måtte folk undrast no, når dei fekk mellom hendene eit lbsen-skodespel, som ebbar ut med denne replikken frå doktor Relling: «Å livet kunne vera tolleg bra likevel, når vi berre kunne få vera i fred for desse velsigna inkassatorar som renner oss fattigfolk på dørene med det ideale krav.» Slo lbsen seg sjølv på munnen, og var Gregers Werle eit bittert, resignert oppgjer med hans eigen tidlegare trong til å stille krav? «Vildanden» vart sett på som eit uttrykk for vonløyse, resignasjon og kynisk livsforakt. Det var blitt lågare under taket også hos lbsen.

Men ettersom 10-åra gjekk, steig «Vildanden» fram til å bli

«mesterens mesterverk»

som Sigurd Bødtker skreiv i 1904. Da det kom, vart det sett på som noko av ein framandlekam i lbsens produksjon. lbsen hadde blanda komikk og tragedie på ein måte som verka sjokkerande. Men nettopp denne blanding gjev skodespelet ein straum av levande liv, ein puls og eit andedrag som plaserer det høgt mellom alle dramatiske mesterverk i verda. For også i livet blandar komikken seg inn i dei mest tragiske situasjonar.

Men livet er no eingong kaotisk og forvirrande, — eit kunstverk må ha heilskap, — detaljane må gå opp i ei høgare meining. Halsbrekkande dristig, men suverent har lbsen greidd det i «Vildanden». Det kan nok likevel synest som om han har gjeve skodespelet farleg slagside mot komikken, serleg gjennom Hjalmar Ekdal, og dei nesten grotesk avslørande detaljar han har nytta i karakterskildringa av han. lbsen var sjølv klar over dette, og gav i brev til Gunnar Heiberg gode råd ved den første framføringa av stykket på Det Norske Teatret i Bergen: Den skodespelar som skal tolke Hjalmar, må forsvare han fullt og heilt. Karrikaturen ligg like om hjørnet, men blir Hjalmar rein farse-

figur fell komikkens lys dominerande over alle dei andre, også Hedvig.

Vi kan i dag sjå at «Vildanden» ikkje var noko framandelement, men tvertimot eit sentralt og rikt høgdepunkt, der svært mange trådar i Ibsens diktning renn saman.

Livsløgnmotivet

som vi møter så ofte i andre faser av den store Ibsensymfonien, tonar her ut for fullt. Men menneskerefsaren har nådd fram til eit mildare syn på livet, og på den trong menneska har til å berge seg på livsløgner.

Rett nok er han like nådelaus i si skildring: det Ekdalske atelier er sanneleg ingen idyll, og personane som møtest der er forhutla og skadeskotne. Men som Tsjekov i **sine** skodespel har ein bunden varme og ei djup medkjensle med dei russiske miljø og menneske han så nådelaut avslørar, har Ibsen det i «Vildanden». Det er ein av grunnane til at «Vildanden» minner om Tsjekovs «Måken» og «Kirseberhagen». Det er livet sjølv som gjennomstrøymar dei og gjer dei fasinerande rike. Det menneska seier og gjer har den suggestive kvalitet at ein anar eit liv og ein menneskeleg lagnad bakom. Dei er i det ytre realistiske og konkrete, både i miljø- og menneskeskildring, men dei konkrete detaljane får i lyset frå

eit samlande symbol

ny meiningsberande funksjon. I «Vildanden», «Måken» og «Kirseberhagen» er dette store symbolet brukt som tittel på skodespela. Sjølv om «Vildanden» har samanheng, også formelt, med tidlegare Ibsen-skodespel, er det ei dramaturgisk nyskaping i hans diktning, og kom både gjennom motiv og form til å setja sitt sterke preg på seinare dramatik. I «Vildanden» gav Ibsen langt på veg avkall på intrige og «handling», og den strenge klassiske sontring mellom tragedie og komedie, (som han tildels hadde gjort det også i tidlegare verk). Han arbeider med symbol meir gjennomført enn før, — heile skodespelet er som gjennomvove av hovudsymbolet: den skadeskotne villanda inne på loftet. Også loftet veks til å bli eit symbol på fleire plan. For realisten Gina er det berre eit vanleg loft med sine inntørka juletre og sine merkelege husdyr. For Hjalmar er loftet ein hyggeleg stad han kan flytte inn i, bort frå alt ubehag og alle kvar dagsplikter. For gamle Ekdal synest loftet å ha ein djupare funksjon, — det held levande i han eit merkeleg minne — og fantasiliv: der inne kan han gjenoppleve sine jaktbragder frå Høydalsskogane, medan alkoholen legg eit dulmande slør over vonde ting som har hendt. Men hans vandring inn der er ikkje berre flukt og dagdraum, — på underleg vis blir det ein halvt umedveten konfrontasjon, på ny og på ny, med det brotsverk han





eingong gjorde seg skuldig i. «Skogen hemner, men eg er ikkje redd», seier han patetisk etter Hedvigs død, og går inn på loftet, underleg fridd frå det pjaltete og skadeskotne som pregar han elles.

For Hedvig har loftet ein endå djupare og meir inn-
gripande funksjon. Ho kallar det sjølv «Havsens botn»,
og det vever seg inn i hennar undermedvetne liv og
blir eit både skremmande og dragande bilete på livet
og døden. Loftet med sine bøker, skatoll og dyr enga-
sjerer heile hennar vaknande fantasiliv, og blir sam-
stundes eit symbol. Med sin kjære fugl villanda, som
ingen veit kvar kjem frå, identifiserer ho seg umedvete
meir og meir, slik Gregers også ser henne som vill-
anda. I denne mysteriøse fantasiverd utanfor alle kvar-
dagslege realitetar, møtest Hedvig og Gregers Werle,
søster og bror både av kjøt og ånd, **her** får han kon-
takt med **henne** som elles skremmest bort frå han med
sin vare intuisjon. — Han vil henne vel, men driv
henne likevel inn i offerdøden, fordi han kan tala til
henne i eit språk ingen andre i atelieret forstår. Klar-
synt ser Gregers Werle kva loftet står for i relasjon
til dei tre som har sin gang der, men da han vil sleppe
dagslyset inn og avsløre løgnene, rører han ved kref-
ter som han sjølv ikkje meistrar, og blir etterkvart i
skjebnetragediens dynamikk eit hjelpelaust reidskap.
Det heimekoselege Ekdalske atelieret, som var ein så
trygg, god tilfluktsstad for gamle Ekdal, Hjalmar, Gina
og Hedvig, ligg snart i det mørke dragsuget frå loftet,
og ein anar i dette tragikomiske skodespelet om hava-
rerte menneske

eit underliggjande mønster

der individuelle tragediar spelar ei underordna rolle,
men der den Werlske og den Ekdalske slekts mis-
gjerningar, svik og brotsverk blir forsona gjennom
Hedvigs offerdød for eiga hand. Denne døden, som
kan synest så absurd og tilfellelig, får i dette perspek-
tivet ein annan og meiningsberande funksjon, — den
verkar ikkje lenger deprimerande, men som ein catha-
rsis. Det tilsulka, lurvete, skadeskotne liv vi har møtt
i atelieret har fått ny verdi.

Men å prøve å gje symbolikken i «Vildanden» scenisk
uttrykk gjennom abstrahering og understreking av
symbolikken, i scenebilete og spelstil, ville etter mitt
syn vera gale og drepende farleg. Loftet og alt det
underliggjande lever **med** i kraft av det konkrete kvar-
dagsliv vi møter i atelieret. I sjeldan grad har Ibsen i
«Vildanden» integrert symbolikken i psykologisk-
realistisk menneskeskildring. Får vi ikkje etablert ein
heim på scenen, med alle dei små og store menneske-
lege relasjonar som høyrer ein heim til, døyrr skode-
spelet i eit symbolsk vakuum. Vår oppsetjing av «Vild-
anden» er ein konsekvens av dette symbol.



Lars Tvinde tilbake

Få hadde vel venta at Lars Tvinde skulle vende tilbake til scenens slit i sitt 82ande år. Men som den gamle sirkushesten kjem i tråv når han kjenner lukta av sagflis, kom Tvinde fort inn i prøverytmen, og tok til å byggje opp sin gamle Ekdal, som den intuitive scenekunstnar han er. Didrik Dale og Kapteinen i «Dødsdansen» har spøkt i kulissene, men kom ikkje med han inn på scenen, **der** har vi berre sett løytnant Ekdal. For Tvinde har så rik scenisk fantasi at han framleis kan skape nytt. Det er med stor glede og takksemd og med den djupaste vørnad vi ser han på vår scene att. Kva han har vore for Det Norske Teatret gjennom meir enn eit halvt sekel kan ikkje vurderast høgt nok. Han har vore ein umisteleg del av dette teatret. Velkomen tilbake, Lars!


Gjestene våre


Som Gina Ekdal står Mona Hofland for første gong på vår scene. For eit Oslo-publikum treng Mona Hofland ingen presentasjon; frå ho debuterte på Studioteatret i «Sjokoladesoldaten» av Shaw, ung og vakker, med forrykande sjarm, har ho spela og sunge seg inn i publikums medvet. Ho spenner over eit stort register, frå Eliza i «My Fair Lady», over Hedda Gabler, fram til Kona i «Ball i Den borgerlige» på Nationalteatret, der ho no er engasjert. Ho har vore i stadig kunstnarleg vekst, og har fått sitt naturtalent inn under streng disiplin, men utan å miste den kvinnelege sjarm og kraft ho har hatt frå første stund.

Claes Gill har spela på Det Norske Teatret før: for 12 år sidan var han ein Don Camillo som verkeleg hadde sine dialogar med Gud. Publikum har sett han der, eller som Jeppe eller Henrik den Fjerde av Pirandello og no sist på TV-skjermen i Eliots «Coctailparty». Like før krigen sto han fram og rudde seg varig rom i norsk litteratur med to kvantitativt tunne diktsamlingar. Den eine heitte «Fragment av et magisk liv». Etter krigen har han gjeve all sin lyrikk, sin intelligens og sitt temperament til teatret, der han har skapt mange rike fragment ut frå sitt eige magiske liv; som skodespelar og som iscenesetjar, sist her på teatret med «Bodskapet til Maria» av Paul Claudel.

Vi ynskjer dei begge hjarteleg velkomne!

Tormod Skagestad.





«VILDANDEN»

av Henrik Ibsen

Omsetjing og regi: Tormod Skagestad
Regiassistent: Rolf Sand
Dekor og kostyme: Arne Walentin
Inspisient: Leiv Nybø

Grosserar Werle, verkseigar ... CLAES GILL
Gregers Werle, son hans PÅL SKJØNBERG
Gamle Ekdal LARS TVINDE
Hjalmar Ekdal, son til den 'gamle, fotograf' ESPEN SKJØNBERG
Gina Ekdal, kona til Hjalmar ... MONA HOFBLAND
Hedvig, dotter deira, 14 år UNNI EVJEN
Fru Sørby, husstyrarinne hos grosseraren EVA SLETTA



Første akt går føre seg hos grosserar Werle,
dei fire fylgjande akter hos fotograf Ekdal.
20. min. pause etter 3. akt.

Programred.: Thorstein Hoff

Relling , lege	ØYVIND ØYEN
Molvik , tidlegare teolog ...	ROLF SAND
Bokhaldar Gråberg	KÅRE WICKLUND
Pettersen , tenar hos grosseraren	TORALF SANDØ
Leigetenar Jensen	JON EIKEMO
Ein bleikfeit herre	BJARNE ANDERSEN
Ein tynnhåra herre	HENRIK ANKER STEEN
Ein nærsynt herre	RAGNAR OLASON

«BEKKE-TASSEN» skriv


I Henrik Ibsens skodespel går det ei indre utviklingsline frå stykke til stykke. «Et dukkehjem» (1879) hadde vakse naturleg fram av «Samfundets støtter» (1877), og på same vis gav «Gengangere» (1881) seg sjølv etter «Et dukkehjem». Tankar og spørsmål i diktarhugen om livslagnad og sjelelege drag grodde og trengde seg fram frå skodespel til skodespel, og nye sider av mennesket og samfunnet vart avdekte.

Men ikkje alle lika denne granskingsprosessen. Skodespelet om lerkefuglen Nora og advokat Helmer fekk sinnet til å koke i heile Norden og Tyskland, endå dikteren Henrik Ibsen hadde skaka folk til gagns tidlegare. Diskusjonen båra i aviser, tidsskrift og bøker, og prestar tok «Et dukkehjem» opp til refsing frå preikestolane. Då «Gengangere» kom jula 1881, var nok Ibsen — såleis som han fortel i brev til forleggjaren sin — klår over at det var eitt og anna som nok kom til å vekkje mothug. Men snautt hadde han tenkt seg at skodespelet skulle koma som lynnedslag i det pene, veletablerte borgarlege samfunnet. Forfærde vart godtfolk, dei største avisene slakta verket, og dikteren — som få år tidlegare hadde vore godteken og høgt verdsett — vart frådømt sin meisterskap. Teatra nekta å spela «Gengangere», skodespelet vart karakterisert som «en kloak af moderne vederstyggeligheder», for å sitere ein meldar.

Ibsen var med andre ord varg i veum for si samtid. Han skreiv sitt første sinne av seg med den satiriske komedien «En folkefiende» (1882), eit skodespel som etter ibsens mælestav vart til på rekordtid.

Men folkefiende-dikteren vart driven inn i nye opprør. Han kjende seg mistydd, og kunstnarleg var han komen ut i ei åndeleg hengemyr. Han vart utrygg på eigne meiningar, ja, Halvdan Koht hevdar jamvel at Ibsen var «uklar på heile tilværet». Frå «En folkefiende» var ferdig til «Vildanden» kom ut 11. november 1884, gjekk Ibsen igjennom ei personlegdomskrise som kanskje var naudsynleg for ei kunstnarleg klårgjering. Denne dikteren, som ein gong var så utettervend og stridsglad, vart stillfarande, innettervend og lite open overfor andre. Han akta sine ord vél og ville ikkje på noko vis stå ansvarleg for dei meiningar som personane i skodespela stod fram med. Då han heldt til i Roma andre gongen frå 1880—85, ville han naudeleg kjennast ved venene sine på gata, og heldt han selskap i heimen sin, var han ein elskeleg vert som tagde med sine personlege saker.

Berre seks veker etter at «En folkefiende» var utkomen, det vil seia i januar 1883, skriv han til forleggjaren sin at han bryggjar på eit nytt stykke «af sam-



livet». Det skulle bli fire akter. Men tida gjekk. Om sommaren heldt han til i den vesle alpelandbyen Gossensass i Brenner-passet. Her gledde han seg over den storfelte naturen og gjekk lange turar åleine kvar dag i granskogen ved Eisach-elva og Plersch-bekken. Han drøymde seg kanskje attende til heimlandet når han ofte stod og såg ned i den brusande bekken; ja, tidt så dei han stå der, såleis at landsbyfolket gav han oppnamnet «das Bachmandl» — bekke-tassen.

Det er lite vi veit om Ibsen i denne tida av slikt som kan kaste ljøs over dette korleis «Vildanden» vart til. Men våren 1884 skreiv han i brev til venen Theodor Caspari, målarer, at han for lenge sidan hadde «opp-hørt at stille almenngyldige fordringer, fordi jeg ikke længere tror på at sådanne med nogen indre ret kan opstilles. Jeg mener at vi har alle sammen ikke noget andet og bedre at gøre end i ånd og sandhed at realisere os selv.»

Nokre oppteikningar og notatar til «Vildanden» finst òg. Somt av dette materialet peikar fram til «Rosmersholm», men elles er det mest notatar om personane i stykket, lite om sjølve den dramatiske oppbygginga. Ibsen var kjend for å gjera nøgne oppskrifter, men i tilfellet «Vildanden» har det gått føre seg ei stor omarbeiding frå notatar til endeleg utforming. Det ein finn, er stutte, råkande karakteristikkar som fører tanken både frametter til «Rosmersholm» og attende til «Peer Gynt» og «Et dukkehjem», men det er i røynda einast om fotografen vi kan finne noko som samsvarar med det ferdige skodespelet. Hjalmar er omtala som «fotograf, den mislykkede digter, . . . en ørkesløs drømmer»; ekteskapet hans skulle ha vorte «. . . « et sandt ekteskap» derved at han under samlivet er sunket eller i al fald ikke vokset». Den forliste fotografen i utkasta vil revolusjon i ånds- og samfunnsliv, han er ein sosialist som ikkje torer handle, og ulukka for han er, etter det Ibsen sjølv seier, at han — liksom boktrykkjar Aslak-sen — skimta inn i ei høgare verd.

I ei slik utforming står det klårt at Ibsen har ynskt å skildre ein som lengtar mot det nye, men ikkje eig gjerningsvilje. Det blir ein moderne Peer han ynskjer å skildre, men sidan blir fotografen skapt om. Den revolusjonære sosialisten kverv, fotografen blir ein karakter som i «Vildanden» er fotograf i sjeleleg mein-ing òg. Dei andre personane i stykket finst det lite om i notatane.

Det gjekk trått for Ibsen med det nye stykket. Av brev veit vi at han tidt nemnde det, men han var òg levande oppteken av riksrett-saka mot høgare-regjeringa heime i Noreg og Johan Sverdrups politiske arbeid. Frå juni 1883 til april 1884 har vi nære på ingen ting av materiale, bortsett frå ei personliste til skodespelet med



karakteristikkane: «den gamle afsatte embedsmand; Hvidhåret, åndelig knækket af fængselsstraffen. Fortjener lidt ved afskrivearbejde.» Ekdal junior er «Sønnen med de store forfejlede evner. Pietetsforholdet til forældrene binder ham, familjeskammen trykker ham».

Vi høyrer litt om Gina, men ikkje noko om Hedvig. Ikkje før enn i ei personliste frå våren 1884 høyrer vi om «Lignelser om vildænder: når de blir såret —, går de tilbunds, de gjenstridige djævler, bider sig fast — Hedvig som vildanden». Ibsen tok dette frå J. S. Welhavens kjende dikt «Søfuglen». Namnet på den 14 år gamle jenta lånte han frå syster si, som drøymde seg bort saman med han medan dei bladde i den digre boka «History of London» (1775) heime i Skien.

Frå april 1884 gjekk arbeidet snøgt for Ibsen, han laga to utformingar fram til slutten av august, og etter det skreiv han til forleggjaren sin: «Dette nye stykket står i visse måder på en plads for sig selv i min dramatiske produktion; fremgangsmåden er i forskellige henseender afvigende fra min vanlige . . . «Vildanden» måske kan lokke nogle af vore dramatikere ind på nye veje, og dette vilde jeg holde for ønskeligt.»

Premièren vart avvikla 9. januar 1885 på Det norske Theater i Bergen i Gunnar Heibergs instruksjon, men før det kom så langt, hadde kritikken av det nye skodespelet vore uklår og inkjeseiande. Ingen visste rettelg kvar dei hadde Ibsen, men klårare stod han nok fram etter den store oppføringa på Christiania Theater, ei framsyning som hadde premièr to dagar etter den i Bergen. Bjørn Bjørnson hadde sett i scene, Arnoldus Reimers spela Hjalmar, Johannes Brun gamle Ekdal og Sigvard Gundersen grosseraren. Lulle Krohn var ei rørende Hedvig, Hjalmar Hammers den sanningsleitande Gregers og Lucie Wolf ei ferm Gina. «. . . jeg tror ikke let nogen kunde gjøre det bedre», skreiv Henrik Ibsen nøgd i eit brev, og endå meir styrkt vart framsyninga etter at Fredrik Garmann overtok rolla som Relling og gjorde henne til eit meisterverk av skodespelarkunst.

Sist «Vildanden» vart spela her i Oslo, var på Nationaltheatret, der det var premièr i november 1964. I fjor gjekk skodespelet på Den Nationale Scene i Bergen i Claes Gills regi. I kveld er han sjølv ein av skodespelarane.

Thorstein Hoff.

Søfuglen.

En vildand svømmer stille
ved øens høie kyst;
de klare bølger spille
omkring dens rene bryst.

En jæger går og bøier
sig i den steile ur,
og skyder så for løier
det smukke kreatur.

Og fuglen kan ei drage
til redets lune skjød,
og fuglen vil ei klage
sin smerte og sin nød,

og derfor taus den dukker
dybt i den mørke fjord,
og bølgen kold sig lukker
og sletter ud dens spor.

I søens dybe grunde
gror tangen bred og frisk;
der under vil den blunde, —
der bor den stumme fisk.

JOHAN SEBASTIAN CAMMERMEYER
'WELHAVEN.



På Det Norske Teatret

Neste premiére på hovudscenen blir den store suksess-musicalen «**Spelemann på taket**» (Fiddler on the Roof), ein musical som har gått sin sigersgang verda over. Fleire av dei praktfulle melodiane frå «Spelemann på taket» har vore på topp i Radio Luxembourg's «Top Twenty».

Handlinga er lagt til eit framandt miljø, den jødiske delen av ein liten russisk landsby, Anatevka. Den jødiske forfattaren Scholem Alejchems forteljing om mjølkemannen Tevje, kona hans Golde og døtrene deira — ei på mange måtar tragisk forteljing frå tsar-tida, — har i Josef Steins dramatisering og Jerry Bocks musikk vorte ein varm, humorfylt og gripande musical med fengjande dansescener, fargeglad prakt og levande mennesketeikning.

Den briljante omsetjinga er ved Hartvig Kiran, og regien blir ved amerikanaren Tom Abott, mannen som har vore med på å setja i scene både på Broadway og i London.

I dei to hovudrollene som mjølkemannen og kona hans, har teatret funne fram til Lasse Kolstad og Sølvi Wang. Kolstad har nett avslutta innspelinga for Fjernsynsteatret av den store serien om Alexander Kiellands «Skipper Worse» der han har tittelrolla, og Sølvi Wang har i haust vore på turné for Det Norske Teatret og Riksteatret med mini-revyen «Apropos det, ja», der ho gjøgla seg inn i 40.000 nordmenns hjarte.

Bikuben i ABC-teatret

I samarbeid med unge menneske driv Det Norske Teatret no i Bikuben ei omfattande teaterverksemd. Hovudsaka er å presentere ny norsk dramatik, og i Bikuben har det no vore urpremiére på det fjerde norske stykket, «**De fem**» av Gunnar Bull Gundersen, eit drama om fem gruvearbeidarar som på sjøande døgnnet er sperra inne i ei gruvesjakt. Dei er i ferd med å bryte saman og mister frå time til time trua på at hjelp ovanfrå skal koma, medan fjellet ikring «sig» og «lever» kvar natt, såleis at den lomma dei sit i, kvar augneblink kan rasa saman. Jack Fjeldstad har sett i scene og Dag Frogner har laga dekoren.

I februar blir det ny premiére, «**Siste brevet**», ei samling med autentiske brev frå dødsdømde unge menneske som var med i den europeiske motstandsørsla under siste verdskrig. Brevva har det sams at dei er gjennomstrøymde av trua på det gode i mennesket, og desse unge menneska veit at dei ikkje ofrar livet sitt til fånytt.

I brevsamlinga er det berre eitt som er norsk, skrive av Asle Helland Grepp, før han vart dømd til døden og skoten i februar 1945. Dagmar Myhrvold står for oppsetjinga.



Spelplanen på dei andre teatra

Riksteatret sender i januar ut på spelferd Bjørnstjerne Bjørnsons «Geografi og kjærlighet», Garson Kanins komedie «Født igår», «Musikantene kommer til byen» av Thorbjørn Egner, «Flåten» av svensken Kent Andersson og Alexei Arbuzovs «Venner og elskere». I februar skal Riksteatret ha premiére på «Gjøgler i ord og toner» med Elisabeth Reiss, medan Riksteatern- Svenska Teatern gjestar med Vilhelm Mobergs «Änkemann Jarl». Nationaltheatret sender i samarbeid med Riksteatret «Hele dager i trærne» av Marguerite Duras på turné i mars.

Trøndelag Teater i Trondheim spelar i januar Sandro Key-Åbergs «Quinder! Kvinder! Kvinner!». I februar har teatret premiére på to skodespel, «Helten på den grønne øya» av John Millington Synge og seinare i månaden kjem «Romeo og Julie» av William Shakespeare.

Den Nationale Scene i Bergen har fram til siutten av februar suksess-musicalen «Spillemann på taket» på programmet. Deretter blir det premiére på «Kirsebærhaven» av Anton Tsjekov, og i april blir det Holbergmoro med «Barselstuen».

Rogaland Teater i Stavanger spelar i januar og februar «Macbeth» av Shakespeare og «Kongens hjerte» av Barbra Ring. I månedsskiftet februar/mars blir det premiére på Sandro Key-Åbergs «Quinder! Kvinder! Kvinner!».

Nationaltheatret har i januar på programmet «Meteor» av Friedrich Dürrenmatt og «Morderne» av Friedrich Schiller. I februar blir det premiére på Henrik Ibsens «Fruen fra havet» og sist i månaden på «Filosofi og forviklinger» av Muriel Spark. Nikolai Gogols «Revisoren» står på spelplanen i mars, og i april spelar teatret «Joe Egg» av Peter Nichols. På Amfiscenen held teatret fram med «Sangen om utysket» av Peter Weiss og «Kjære løgnhals» av Jerome Kilty. «Hele dager i trærne» av Marguerite Duras er klar for premiére i januar, medan Samuel Becketts «Deilige dager» kjem i mars. Då blir det òg urpremiére på nordmannen Anders Byes «Freden, friheten, kjærligheten og alle sammen», og i april kjem «Grønn Julie» av Paul Ableman.

Den Norske Opera har òg eit stort program på nyåret med «Elskovsdrikken» av Donizetti, ein opera som kjem saman med ballettane «Cavalleria Rusticana» av Mascagni og «Symfoni i C» av Balachine/Bizet. Puccinis opera «Tosca» står på programmet denne måna-

den, og heilkveld ballett-framsyning blir det med «Månerenen» av Cullberg, «Mennesker i mørke» av Gore og «Raymonda» av Petipa/Nureyev. I februar spelar Operaen dette programmet, men i tillegg kjem «Boris Godunov», ein opera av Mussorgskij og ballett-kveld med «Sylfidene» av Fokine, «Apollon Musagete» av Balanchine og 3. akt av «Napoli» av Bournonville.

På **Oslo Nye Teater** held dei fram med «Kaktusblomsten». Det har vore premiére på «Komedie i mørke» av Peter Shaffer, og seinare kjem «Erke-engler jukser ikke» av Dario Fo. Barneteatret syner «En glad gutt» av Bjørnstjerne Bjørnson i Mentz Schuleruds dramatisering og på Bymuseet går dokketeater-framsyninga «Gulliver i dukkeland».

På turné for Riksteatret

Spanande som ein Hitchcock, poetisk som ein Tsjekov og med ein trygg sans for ekte, kvardagsleg miljøskildring har den unge britiske skodespel-forfattere Harold Pinter skapt seg eit namn som ein av dei store i ny europeisk dramatik. Han er ikkje mellom dei sinte unge menn som gjer kvasse utfall mot samfunnet. Pinter samlar seg om reint menneskelege situasjonar og tilhøve.

I «Fødselsdagsselskapet» (The Birthday Party), som Det Norske Teatret har sendt ut på turné for Riksteatret, er hendingane lagde til eit forfalle gammalt pensjonat i ein eller annan britisk badeby, der ein tidligare pianist har funne eit tilhelde. Gøymestaden hans blir snart oppdaga, og heile hans verd av draumar og illusjonar blir knust idet to nye gjester gjer innsteg i pensjonatet.

Pinter er både naturalist og realist. Det som hender i stykka hans er konkret. Her finst ingen abstraksjonar, ingen problemdebatt og inga moralisering.

Det spanande og underhaldande selskapet er sett i scene av Finn Kvalem og Ola B. Johannessen. Snorre Tindberg har laga dekor og Randi Skahjem kostyme. Premiéren var 18. januar i Ålesund, og deretter blir skodespelet synt på 30 stader på Møre, i Trøndelag og på Østlandet. Seinare får «Fødselsdagsselskapet» premiére her i Oslo.

